

Veg nr. 2:

Etter høyring hos Språkrådet, rår dei til at ein nyttar vegnamnet Svodevegen, og ikkje namnet Jasevegen, som det har kome inn forslag på i høyringa. Dei har likevel ikkje noko i mot bruken av namnet Jasevegen.

Namnet Svodene finn ein i kartet høgt oppe mot Sætrefjellet. Dette er området med svaberg og ingen vegetasjon. Ein finn fleire stadar i kommunen folk nyttar dette namnet på «bart fjell», og er såleis ikkje unikt for staden. Det er likevel i varierende grad at ein finn desse plassane registrert i kartet. Namnet er ikkje ofte brukt lokalt.

Ser ein på uttalen frå Velledalen Sogelag, viser dei til at bruken av ordet «jase», vil vere med å i vareta lokal namnebruk på dyret «hare». Det er og fleire vegnamn i kommunen, ein har nytta dyrenamn.

Vi rår her til at ein nyttar namnet **Jasevegen** på veg nummer 2.

Veg nr. 3:

Ved første runde vart det foreslått namnet Lia på denne vegen. Det kom inn forslag frå hytteeigarar i området, at ei meir presis namngjeving vil vere Øggardslia.

Språkrådet har ikkje funne dette namnet registrert i området. Vi veit og at det ikkje er alle namn for enkeltområder ein finn registrert. Området er nær stølen og kan av det grunn gjerne knyttast til stølen slik vi ser det. På bruke namnet som foreslått frå grunneigarar, vil og vere meir forklarande kvar dette er, i staden for kun å bruke namnet Lia.

Vi rår til ein nyttar namnet **Øygardslia**, slik Språkrådet foreslår namnet skrive.

Veg nr. 4:

Vegen er siste åra forlenga, og går no også til stølsområdet. Det gjer og at hytter og sel her vil nytte denne vegen.

Vi rår til at vegen får namnet **Drotninghaugstølen** etter lokal høyring og uttale frå Språkrådet.

Veg nr. 5:

Dette er den vegen på Lastølen som går lengst, og den einaste som skal namnsettast av vegane tilhøyrande Lastølen.

Forslaget er at ein nyttar namnet **Lastølen** som vegnamn.

Veg nr. 6 og 7:

Desse har felles avkøyring frå Nysætervegen, og det er naturleg at ein då held seg til eit vegnamn. Vi finn at namnet Laskogen har vore brukt for området, men vi finn det ikkje registrert i Kartverket. Det er beskrivande for området, som har mykje bjørkeskog.

Forslaget til namn vert då **Laskogen**.

Veg nr 8:

Denne vegen går ned til Sætrevatnet og området har vore eigd av ein gard på Lade.

Det kom inn forslag på å nytte namnet Fantevegen frå dei som hadde hytte i området.
(Det første forslaget som var sendt ut var Ladalen)

Det er klare råd frå Språkrådet at ein skal nytte lokale namn så langt råd. Namnet Fantevatnet har vore brukt ein del for vatnet, men er ikkje registrert nokon plass. Det er Sætrevatnet som er registrert som namnet på vatnet.

Namnet Vesleskipet, finn ein på ein holme i vatnet. Det var i første runde sett opp som forslag på anna veg i området, som vi no foreslår å kalle Laskogen. Det å då nytte namnet Vesleskipvegen, slik Språkrådet foreslår, vil ein bruke namn som er registrert tett ved dette området.

Vi rår til at vegen får namnet **Vesleskipvegen**.